

Saksframlegg

Utv.saknr	Utvalg	Møtedato
20/2014	Kommunestyret	20.02.2014

Sognefjellstunnelane - konseptvalutgreiing og statusendring for delar av Fv 53 og 55

Vedlegg:

- 1 Brev frå styringsgruppa til SD 25-11-2013 - Sognefjellstunnelane
- 2 Svar frå SD 21-01-2014 - Sognefjellstunnelane - førespurnad om konseptvalutgreiing

Innstilling frå administrasjonssjefen:

1. Lom kommune viser til omtalen av Sognefjellstunnelane i Norsk transportplan 2014 – 23 og Samferdsledepartementet sin fylkesvise oversikt der det m.a. går fram at:
«departementet er innstilt på å gjennomføre en konseptvalgutredning, KVU, for prosjektet, men dette skal avklares med fylkeskommunen før arbeidet med KVU settes i gang».
2. Lom kommune oppmodar Samferdsledepartementet om å starte konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelane no og ikkje vente til oppdatert versjon av «Hovudrapport -Strategisk utredning øst – vest forbindelse» (som i 2006) er gjennomført.
3. Lom kommune oppmodar fylkestinga i Oppland og Sogn og Fjordane om å stø ei slik parallell framdrift av dei to utgreiingane.
4. Lom kommune ber dei to fylkestinga påverke departementet til å starte arbeidet med statusendring for dei aktuelle delane av Fv 53 og 55

Saksprotokoll i Kommunestyret - 20.02.2014

Vedtak

1. Lom kommune viser til omtalen av Sognefjellstunnelane i Norsk transportplan 2014 – 23 og Samferdsledepartementet sin fylkesvise oversikt der det m.a. går fram at:
«departementet er innstilt på å gjennomføre en konseptvalgutredning, KVU, for prosjektet, men dette skal avklares med fylkeskommunen før arbeidet med KVU settes i gang».
2. Lom kommune oppmodar Samferdsledepartementet om å starte konseptvalutgreiing for Sognefjellstunnelane no og ikkje vente til oppdatert versjon av «Hovudrapport -Strategisk utredning øst – vest forbindelse» (som i 2006) er gjennomført.
3. Lom kommune oppmodar fylkestinga i Oppland og Sogn og Fjordane om å stø ei slik parallell framdrift av dei to utgreiingane.
4. Lom kommune ber dei to fylkestinga påverke departementet til å starte arbeidet med statusendring for dei aktuelle delane av Fv 53 og 55.

Samrøystes.

Samandrag

Styringsgruppa for Sognefjellstunnelane ber kommunestyra i Lom, Luster og Årdal oppmoda Samferdsledepartementet om å starte arbeidet med konseptvalutgreiing og statusendring no.

Samstundes vert dei to fylkestinga bedt om å stø framlegget for å påverke departementet til å starte prosessen med statusendring for traseen.

Saksutgreiing

Styringsgruppa for Sognefjellstunnelane, med dei tre ordførarane i Lom, Luster og Årdal har dei siste åra arbeid for å få ei konseptvalutgreiing av dei to tunnelane inn i Norsk transportplan 2014 – 23 (NTP). I tillegg er det naturleg og ynskjeleg å endre status på traseen frå fylkesveg til riksveg. Slik NTP vart vedteke av Stortinget og Samferdsledepartementet sin fylkesvise oversikt stadfesta at dei nådde dette målet.

Rett etter stortingsvedtaket oppmoda styringsgruppa difor departementet, i brev 25.06.2013 om å gå i dialog med fylkeskommunane i Oppland og Sogn og Fjordane for å avklare statusendring for strekninga Fodnes – Øvre Årdal – Fortun – Lom og deretter sette i gang konsekvensutgreiinga (KVU) så snart som mogleg.

Departementet svarte ikkje på brevet. Styringsgruppa gjentok oppmodinga i møte med statsekretær Bård Hoksrud og Vegdirektoratet i møte 21.11.2013. I møtet presenterte Vegdirektoratet eit løysing med å vente med statusendring og KVU og i staden lage ei oppdatert versjon av «Hovudrapport -Strategisk utredning øst – vest forbindelse» (som i 2006) og innarbeide Sognefjellstunnelane i den.

Rett etter møtet, 25.11.2013, gjekk ordførarane i mot ei slik løysing og styringsgruppa svarte departementet slik:

«Styringsgruppa meiner dette ikkje er ei tilfredsstillande løysing. Løysinga med konseptvalutgreiing var klar alt då meldinga vart lagt fram og før handsaminga i Stortinget. Vi viser og til vårt brev til departementet 26. juni 2013. Vi ber på nytt om at arbeidet med avklaringa mot fylkeskommunane startar, slik at konseptvalutgreiinga vert gjennomført i denne fireårsperioden.»

Departementet svarte 21.1.2014 (sjå vedlegg).

Samstundes har Samferdsleministeren varsla at han ynskjer å stoppe opprustinga av tunnelane over Strynefjellet (for å gå direkte i gang med arbeidet med ny trase). Han har og bedt Vegdirektoratet gjennomføre konseptvalutgreiing for tunnel under Hardangervidda parallelt med arbeidet oppdatert versjon av «Hovudrapport -Strategisk utredning øst – vest forbindelse»

Vurdering

Brevet frå departementet 21.1.2014 er uklart. Mykje tyder på at det er varsel om at konseptvalutgreiinga og prosessen med statusendring er satt på vent. Regionveg sjefen har seinare i pressemøte på Skei 4.2.2014 langt på veg stadfesta dette.

Konsekvensane av å vente med KVU og i staden legge Sognefjellstunnelane inn i Aust-Vestutgreiinga er uvisse. Det kan, i verste fall føre til at prosjektet vert skrinlagt eller at konseptvalutgreiinga kjem så seint at den ikkje er gjennomført før neste NTP. Det vil forsinke prosjektet med minst fire år.

Det samsvarar dårleg med Solberg-regjeringa sine målsettingar om å redusere planleggingstida for samferdsleprosjekt.

Styringsgruppa meiner dette heller ikkje vil vere i samsvar med grunnlaget for Stortinget sitt vedtak. Gruppa har difor bedt dei tre kommunestyra no reagere og legge press på dei to fylkestinga og departementet.